

DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Årsmelding 2023

BREMNES SOKNERÅD

Soknerådet si samansetjing:

Leiar: Kjersti Mæland
Nestleiar: Åse Innvær
Kasserar: Hanna Sortland Raknes
Sekretær: Margot Laurhammer
Medlemmer: John Olav Habbestad, Torunn Tveita, Lene Fylkesnes Nesse, Asbjørn Gundersen, (Astrid Farestveit Gane-permisjon).
Varamedl.: Iren Torget, Anne Louise Remø Tveita, Eivind Olsen Engen, Geir Ove Sele (Anita Espevik-permisjon)

Representantar i Bømlo Kyrkjelege Fellesråd:

John Olav Habbestad, leiar og medlem av fellesrådet sitt administrasjonsutval.

Åse Innvær, medlem av fellesrådet.

Vararepresentantar: Torunn Tveita 1. vara.

Møte/tilskipingar:


- Det har gjennom året vore 10 ordinære soknerådsmøter.
- Arbeidsutvalet har hatt 10 møter for å førebu saker for rådet.
- Kyrkjelyden sitt årsmøte vart gjennomført 12 mars etter gudstenesta.
- Det har vore eit travelt år. Ein har gjennomført 71 gudstenester, 4 konsertar i regi av kyrkja og 9 i regi av andre.

Saker som ligg fast i perioden er:

- Gjennomføring av fasteaksjonen. Denne vart gjennomfør med innsamling i bøsser og oppmøte. Konfirmantane vart delte opp i soner og grupper med oppmøte på div bedehus/skulær.
- Tildeling av offer.
- Godkjenning av gudstenesteoppsettet.
- Arbeid i samband med konfirmasjonsgudstenestene.
- Godkjenning av andre arrangement i kyrkja, m.a. konsertar i samarbeid med kantor.
- Oppnemning av kyrkjevertar og dåpsvertar.
- Utarbeide budsjett.
- Behandle saker som vert oversendt soknerådet frå utvala og andre innkomne saker.

Visjon for vidare arbeid:

- Ta vare på den gode tradisjonen, tilpass han til vår tid og gje han vidare til nye generasjonar.
- Frå Trusopplæringsplanen:
Me vil at barn og ungdom på Bømlo skal møta ei raus og tydeleg kyrkje slik at dei får hjelp til å leva livet i tru, håp og kjærleik. Målgruppa skal etter gjennomført plan kunna seia: "Eg er døypt, eg er ein del av kyrkja."
- Følgje opp dei frivillige medarbeidarane i kyrkjelyden.
- Setje av tid på nokre soknerådsmøte til å drøfte det indre livet i kyrkjelyden, Soknerådet har det overordna ansvaret for at "*kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet*" slik det står i kyrkjelova av 7. juni 1996, men dei ymse utvala har fått delegert ansvar for den delen av det kyrkjelege arbeidet mandatet tilseier, og utvala arbeider svært godt.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Dei ulike utvala og komiteane

Arbeidsutvalet:


Oppnemnde medlemmar: Kjersti Mæland, Åse Innvær, Hanna Sortland Raknes og Margot Laurhamer. Utvalet har ansvaret for å setje opp sakliste for soknerådsmøta, og gjera vedtak i enkle saker og hastesaker.

Trus opplæringsutvalet (TOL):

Oppnemnde medlemmar: Eva H. Gloppe (leiar), Liv Merete F. Pedersen, Elisabeth Fauskanger, Karl Nygård, Hege M. Willems Økland (sekretær) og Torunn Tveita. Utvalet har hatt 3 møter i 2023 og har arbeidt med fylgjande:

TruD-tiltak:

TruD Dåppssamtale	Prestane har ansvar for dåpsmøter. Ein har felles samlingar for dåp i Bremnes, Lykling og Bømlo sokn.
TruD Babysong	17 samlingar. 59 barn har vore innom. Fine stunder i kyrkja med song og prat. Det er fint å ha open kyrkje samtidig med babysong. Stor takk til alle dei frivillige som er med, og som lagar til mat.
TruD1-2-3 Myldrekveld	7 samlingar i løpet av året. 62 barn har vore innom. Me har i løpet av 2023 fått etablert Myldrekvelden. Me har først songstund, etterfølgt av leik. Det har vore fint å vera fleire vaksne med. Slik får me mange gode samtalar med foreldre/besteforeldre.
TruD3 Krøllekveld	Det er ei samling for 3-åringane på Krøllekveld. Me høyrer historia om sauен som gjekk seg vill. Det er også song og leik. Fint å bruka flanellograf.
TruD4 4.års-bok	I 2023 starta ein med å dele ut Barnebibelen min (Jarle Waldemar). Me hadde førsamling laurdagen før gudsteneste med utdeling av Bibel. I tillegg til samling med bibelforteljing og song, hadde me ein undretur i kyrkja. Gudsteneste søndagen med utdeling av Bibelen. Det var fullsett kyrkje og Bømlo Knøttekor deltok med song i gudstenesta. Fint å ha med dette koret som også er for dei som er fire år. 82 prosent av medlemane kom og var med på desse samlingane. Meiningsfullt og kjekt å samla så mange familiar i kyrkja!
TruD4-5-6 Knøttekor	Bømlo Knøttekor har blitt godt etablert i løpet av året. Til saman 19 øvingar, anna kvar tysdag. Koret deltok på fleire gudstenester og var med på «Folk på Bømlo». På øvinga er det alltid andakt i tillegg til øving på sanger. Foreldra er med borna, men ein ynskjer at dei sit bak. Dei får tilbod om kaffi. Barna kan vera med i knøttekoret frå hausten dei blir fire år og fram til dei begynner på skulen.
TruD6 6.års-bibel	Me inviterte 6-åringane til ei gudsteneste rett etter skulestart. Sidan 4-åringane no får barnebibelen måtte me finna eit alternativ til bok. Sidan desse 6-åringane ikkje har fått bibel tidlegare år fekk dei i år «Barnebibelen» (Alf Kjetil Walgermo). Fint å kunne gje barna ein ny bibel. Gode tilbakemeldingar på at det var noko nytt.
TruD7 Påskevandring	Me hadde to samlingar for 7-åringane. Først samling laurdagen med øving til påskedramagudstenesta og påskeverkstad. Søndagen hadde me påskedramagudstenesta. Bømlo Knøttekor og deltakarar frå Treffkveld var med på påskedramagudstenesta.
TruD8 Aktivitetsdag	Aktivitetsdag ein dag det er planleggingdag i skulen. Me inviterer til samling i kyrkja kl. 09.00-14.00 Det er mange ulike aktivitetar inne og ut. Tema for aktivitetsdagen: Gud skapar – me lagar. Søndagen etter aktivitetsdagen deltok barna i gudstenesta med song og utstilling av noko av det dei hadde laga på aktivitetsdagen.
TruD9 Tårnagenthelg	Ettermiddagssamling for kvar skulekrins, og så felles samling laurdagen. Tårnagentane var med i gudstenesta søndagen. Kjekt å ha fleire, men kortare samlingar.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Tru:D9+ Supersamling	Supersamling dei to siste dagane av sommarferien. Første dag var me i kyrkja, andre dag var det tur til stranda. Fine dagar saman med 9-åringane. Fleire nye frivillige var med, fint å vera med på. Det var god tid til å få fine samtalar med 9-åringane.
Tru:D10	Dette tiltaket er lagt opp som ei bursdagsfeiring med pølsefest, gelé til dessert og ulike bursdagsleikar. Temaet er dåpen. Me bruker både forteljinga om Sivsjøunderet, og me snakkar om Jesus sin dåp.
Tru:D11 Lysvaken	Kjekt opplegget som me starta med i 2022. Opplegg inne i kyrkja og ute. Samlingar rundt bålpanner ute i fint ver, og fleire stasjonar inne. Barna vart engasjert i både drama og song til gudstenesta. Avslutta laurdagskvelden kl. 23.00 og var tilbake kl. 10.00 søndagen og var med i gudstenesta.
Tru:D12/13	Nytt opplegg for 12-åringar. Felles aktivitetsfestival på Solgry i juni for alle 12 åringar frå dei fire sokna. Barna kunne velja mellom to ettermiddagar. Me reiste til Solgry i privatbilar og minibuss. På Solgry hadde me bibelsamling, pølse med brød og mange aktivitetar ute. Leigde uteområdet med aktivitetar som kanopadling, minigolf, gokart m.m. Barna syns det hadde vore ein kjekk ettermiddag. Me køyrdet frå Svertland ca. kl. 15 og var tilbake ca. kl. 20.
Tru:D14	Me hadde informasjonsmøte for neste års konfirmantår i mars. Informasjon av Varden og Zoomln som miljøtiltak i konfirmantida.
Tru:D15 Konfirmasjon	Me starta konfirmantåret med ny konfirmantleir, Jærgårds på Klepp. Dette var eit fint opplegg. Samlingane gjennom konfirmantåret har veksle mellom ettermiddags-samlingar og samlingar laurdagar. Ein erfarar at konfirmantane kan vera trøytte og uopplagde rett etter skuletid, så fint å ha nokre samlingar laurdagsføremiddagar.
Tru:D16	Samling med pizza og prat om blant anna utdanningsplanar.
Tru:D17/18	Me hadde ein flott tur til London. Rekorddeltaking på turen. 9 voksne, 4 frå staben og fem frivillige. Mange fine opplevingar i flott sommarvêr. Me var på Evensong i St. Pauls, besøkte Sjømannskyrkja og fekk info om arbeidet der. Besøk på Kfuk-hjemmet og me var på musical. Mange fine samtalar og stunder saman med 17-åringane.

Søndagsskule

Søndagsskule i kyrkja under gudstenesta har ikkje vore eit tilbod i 2023.

Diakoniutvalet og diakonalt arbeid i Bremnes:

Oppnemnde medlemmer: Anne Louise Remø Tveita, Torbjørg Eidet, Hanna Sortland Raknes og Iren Torget. Diakon Sissel F. Våge har møtt på møta.

Utvalet har hatt 2 møter i 2023 og har arbeidd med:

- Levert helsingar til jubilantar i soknet som har runda 80, 90 og 100 år.
- Blomehelsingar til dei som har mista ektefelle eller born i løpet av året.
- Besøksteneste. Det er stadig nye førespurnadar om besøksteneste. I desember har Olava Gilje Nord vikariert for diakonen i 30 prosent og jobba særskilt med besøkstenesta.
- Diakonen har også elles vore tilgjengeleg for dei som ynskjer samtale/sjelesorg/soknebod.
- Diakonen har annakvar måndag vore tilstades på Sesam. Sesam er ope hus for dei som har utfordringar med rus. Dette er eit nytt tilbod som Bømlo kommune driftar.
- I mai gjekk ekteparet Tamar og Harrout i kyrkjeasyl. Ekteparet sökte tilflukt i kyrkja medan dei venta på svar om å få vera i Norge til etter rettssaka om asyl. Diakonen var involvert i tilrettelegging i kyrkja og kontakt med paret.
- Vern om skaparverket var tema på ei fellesgudsteneste i Lykling kyrkje i juni.
- Annakvar måndag har det vore open kyrkje samstundes med babysong.
- Diakonen var med som leiar på turen til London for 17. åringar i juni.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd


- Minnegudsteneste vart arrangert ved allehelgen. Gudstenesta er felles med Moster sokn. Denne gongen var den i Moster kyrkje.
- Det var seks Treffkveldar/forenkla gudsteneste tilpassa menneske med utviklingshemming i Bremnes kyrkje. Deltakarar frå Treffkveld har delteke på påskedramagudsteneste, med lystenning på i gudstenesta på 17. mai og delteke i julespelet i gudstenesta på julafsta i Bremnes kyrkje.
- Det har vore songstunder på sjukeheimen i lag med Bømlo trekspelklubb første måndagen i månaden.
- I juni arrangerte diakonen eit treff for besøksvennene på Bømlo. Treffet var i Bremnes kyrkje. I oktober hadde me eit treff i Bremnes kyrkje for dei som har møte og songstunder på BBH.
- Diakonien, Røde kors, Bømlo frivilligsentral og Hjartespira samarbeidde om utdeling av matkassar og julegåver til jul. Det vart delt ut 120 matkassar. Alle sokneråda var med å støtta dette arbeidet.
- I august opna det asylmottak i Rubbestadneset. Diakonen var på besøk i oppstarten. Nokre av dei som budde på mottaket ynskte å gå til gudsteneste i Bremnes kyrkje. Diakonen har i haust organisert skyss til gudsteneste for desse.
- Diakonien har i lag med frivilligsentralen arrangert eit mat, aktivitet og prat treff på Svortland skule.
- Etter initiativ utanfrå arrangerte Bømlo frivilligsentral, Bømlo Røde kors og diakonien lystenning for fred i Bremnes kyrkje 29.11.23. Initiativet kom som følgje av krigshandlingane i Midtausten.
- I juli arrangerte diakonien pilegrimstur frå Moster til Røldal i samarbeid med regionalt pilegrimssenter i Bergen. Me var til saman 15 personar i følgjet.

Gudstenesteutvalet:

Medlemmer er: Asbjørn Gundersen, Liv Merete F. Pedersen (leiar), Sissel Fylkesnes Våge, Øystein L. Olafsen, Lene Fylkesnes Nesse og Margot Laurhammer (sekretær).
Gudstenesteutvalet har hatt 2 møter i 2023.

Gudstenesteutvalet sit mandat og kva saker me har moglegheit for å arbeide med

- Gudstenesteutvalet skal arbeida for eit rikt og levande gudstenesteliv og for å gjera søndagen til kyrkjedag i Bremnes kyrkjelyd.
- Utvalet skal regelmessig evaluera gudstenestene med sikte på dette.
- Utvalet skal arbeida for å involvera frivillige til ulike oppgåver for gjennomføring av gudstenester.
- Ved eventuell søknad om ny gudstenesteordning, skal gudstenesteutvalet saksførebu dette for soknerådet.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Kyrkjemusikalsk arbeid:

Kyrkjemusikalsk kontakt for soknerådet: Lene Fylkesnes Nesse
Fagleg ansvarleg: Kantor Øystein Lund Olafsen


Arrangement gjennom året

- Bremnes Kantori starta året med ein flott oppreten på prosten si nyårsommertaking. Koret deltok på Bømlo Janitsjar sin nyttårskonsert og på duggnadskonsert for nytt orgel i Moster kyrkje. Søndag etter påske vart konserten «Gloria» av John Rutter framført saman med blåsarar frå Stavanger symfoniorkester og Øystein Skulderud på orgel. Koret sang og på konfirmasjonsgudstenestene og på 17. mai gudstenesta. Hausten starta med kortur til Berlin der omlag 40 koristar var med. Ei flott opplevingar med konserter, kortreff og sosialt. Kantoriet var og med på Bømlo Gospel sin konsert «Tunes from cartoons» i Bømlo Kulturhus, og dei var med på julekonserten til «Vår jul» i Stord og Bremnes kyrkje.
- Bømlo Gospel sang på gospelmesse 2. påskedag. Siste helga i oktober framførte gospelkoret konserten «Tunes from cartoons», sang og musikk frå animerte filmar. Dette i samarbeid med elevar frå Bømlo Kulturskule (dans, song og teater), eit 15-manns orkester, eigne solistar og Bremnes Kantori (185 deltakarar på scena). Det vart to utselde konserter i Bømlo Kulturhus og et vellykka arrangement. Med økonomisk støtte frå Bømlo kommune, Finnås Kraftlag og Sparebanken Vest var det mogleg å gjennomføre dette med et lite underskot.
- Koncert med Ansgar bibelskole/gospelkor i samarbeid med TenSing Bømlo.
- G2 vart starta opp att i 2023. Band beståande av Dag Helge Habbestad, Frode Kvandal og Petter Michaelsen spelar saman med kantor og forsongarar hovudsakleg frå Bømlo Gospel.
- 17.mai vart gjennomført med festgudsteneste i Rubbestadneset bedehus og i Bremnes kyrkje. Bremnes Kantori i spissen, med born, skulekorps, janitsjar og Havdur m.fl.
- I oktober var det ny duggnadskonsert for å samle inn pengar til flygelet. Ingebjørg Andrea Ådnanes, Anita Myhre Gravdal, Heidi Rolfsnes, Marit-Helene Dahl og Linda Nordtun var med som solistar. Andreas Södergran var med på gitar og fiolinvirtuos Miroslav Potfaj (lærar i kulturskulen) var med og farga konserten med flott spel.
- Simon Madsen har fungert som vikar for kantor i desember (pga juleturne). Han har gjennomført alle korøvelser, gudstenester og kyrkjelege handlingar. Han var og musikalsk ansvarleg for kyrkjelyden sin eigen julekonsert der Knøttekoret, Bømlos Soulchildren, Bømlo Gospel, Bremnes Kantori, Bømlo Janitsjar og Havdur deltok.
- På julafra vart det to festgudstenester. Forsongarar, Bømlo SoulChildren og Ragnhild Kristine Midtbø på trompet. Juledag deltok Bremnes Kantori og Ragnhild Kristine Midtbø på trompet
- Bremnes kyrkje har gjennom året vore utleigd til fleire konserter og arrangement.
 - Heidi Rolfsnes, konsert med salmar av Lina Sandell.
 - Flygelkonsert med Morten Gunnar Larsen, arrangert i samarbeid med musikkklubben Morild og vart omgjort til ein støttekonsert for familien Jakarian.
 - Konsert med Bertine Zetlitz og jazzpianisten Bugge Wesseltoft i september, også i samarbeidet med Morild.
 - Sommarkonsert med Kjell Habbestad og familie.
 - Konsert med Stavanger Vocalensemble, Wärtsila (120 års jubileumskonsert), elevar frå kulturskulen, Havdur og Steffen S. Sortland sin gratis julekonsert.

Musikalske aktørar i kyrkja

Kantor Øystein Lund Olafsen er musikalsk leiar for Bremnes Kantori og Bømlo Gospel.

- Bremnes Kantori har 45 aktive medlemmer. Koret deltek med grupper og fullt kor ved mange gudstenester i Bremnes kyrkje, og på høgtidsdagane (påskedag, pinsedag og juledag).
- Bømlo Gospel tel 65 medlemmar.
- Knøttekoret er for 4-5 åringer og øver annakvar veke. Dei tel ca 20 medlemmer.
- Bømlo SoulChildren med dirigent Lene F. Nesse, Dag Helge Habbestad på trommer og Henrik Kvandal på bass. Dei øver kvar veke og er ca 15 medlemmer.



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Kreativ komite:

Medlemmer: Heidi Fylkesnes

Heidi har hatt ansvar for å pynte i kyrkja dette året og. Ho har pynta kyrkja ved gudstenester og ved spesielle høve, t.d. Konfirmasjonsgudstenester og julegudstenester. Ho har gjort ein flott innsats.

Kyrkjekaffikomite:

Medlemmar: Wenche T Alvsåg, Gunn Svendsen Meling, Gerd Marit Nesse, og Åshild Olsen.

Komiteen treffest ein gong pr semester og fordeler oppgåver. Kyrkjekaffen er eit viktig innslag for å skapa og ta vare på fellesskapet i kyrkja. Dei har laga til trivelege stunder etter gudstenesta, der kyrkjelyden kan ta seg tid til ein prat, kaffi og noko å bita i.

Video-overføring til Børnlo bu og helsecenter (sjukeheimen):

Medlemmar: Jarle Havn, Oddvar Pedersen og Sverre Håvik

- I 2023 har dei fleste regulære gudstenester blitt overførte.
- Jarle Havn, Oddvar Pedersen og Sverre Håvik vore med å filma i kyrkja. Ein ynskjer gjerne fleire frivillige med til å filme overføringer til sjukeheimen.

Ymse kontaktpersonar:

- Åse Innvær – KN-kontakt. Han har hatt ansvaret for å koordinera innsamlingsarbeidet for «Kirkens Nødhjelp-aksjonen» som er konfirmantane sitt vårprosjekt.
- Gunnvald Bjotveit er soknerådet sin felles representant for «*Gjevartenesta for soknediakonstillinga*». Han er representant frå alle sokn og er åleine om å ivareta oppgåver i høve til gjevarane. Fellesrådet fører rekneskapen for gjevartenesta.
- Medlem av Estlandskomitéen er Randi Olsen og Margareth Urang. Komitéen har ansvar for kontakt med venskapskyrkjelyden vår i Sangaste. Årsmelding frå Estlandskomiteen vert lagt fram og er mogleg og få med seg.

Frivillige medhjelparar ved nattverd:

Olav Mæland (fast), Håkon Staveland, Berit Hallaråker og Sissel F. Våge.

Dåpsvertar:

Medlemmar: Kjersti Mæland, Heidi Fylkesnes og Anne Kristin Sønstabø. Dåpsvertane tar imot dåpsfamiliane og legg til rette for dei i dåpssakristiet og i kyrkja.

Statistikk:

	Bremnes sokn								
	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Døypte	54	54	71	55	57	63	71	73	75
Konfirmerte	75	97	85	70	88	66	87	92	92
Kyrkjeleg vigsel	10	9	8	3	7	8	9	7	16
Gravferder	58	51	51	46	56	58	44	35	59
Gudstenester	71	71	68	71	61	75	71	70	65
Musikkandakt/ Konsertar	13	8	8	5	13	11	11	9	12
Innmelde DNK	7	6	3	3	5	6	0	3	1
Utmelde DNK	21	20	14	20	23	12	20	21	15
Medlemmer i Bremnes sokn	5 623	5 637							
Takkoffer/Kollekt	455 569	408 057	253 935	275 585	60 169	399 533	342 561	240 239	298 842
Givartenesta	144 286	75 000	0	60 000	60 500	45 950	65 700	81 950	109 800



DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Andre innsaml. i soknet	124 496	56 612	0	0	77 450	97 550	83 323	107 494	107 452
Deltaking v/alle gudstenester	10 866	11 206	5 472	4 545	10 358	12 743	12 315	12 337	11 498

Økonomi:

Det vert vist til rekneskapen.

Strukturen i det arbeidet som soknerådet har ansvar for, fungerer godt, men innsatsen dei mange trufaste frivillige gjer kvart einaste år, er heilt avgjerande.

Soknerådet takkar alle medlemene av utvala og alle andre som gjer ein stor og viktig innsats for at kyrkjelydslivet skal kunna veksa.

Me takkar også for det gode samarbeidet me har med dei tilsette på kyrjekontoret.

Årsmelding 2023 er godkjent av Bremnes sokneråd, sak 01-06-24.

Kjersti Mæland

leiar

Margot Laurhammer

sekretær